

Vedtekter for Luster Frivilligsentral.

Vedtekter vedteke i stiftingsmøte den 24.9.2004.

Revisjon vedtekter i årsmøtet den 28.2.2011.

Reviderte/nye vedtekter vedteke i ekstraordinært årsmøte 20.4.2016.

Reviderte vedtekter i årsmøte den 06.03.2018.

Reviderte vedtekter i årsmøte 25.02.2020.

Reviderte vedtekter i årsmøte 09.03.2022.

§ 1: Foreining:

Luster Frivilligsentral er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon organisert som ei ideell foreining med ikkje økonomisk føremål. Sentralen er ei eiga juridisk eining med organisasjonsnummer 987 743 735 og har kontoradresse i Gaupne, Luster Kommune.

§ 2: Føremål:

Luster Frivilligsentral skal vera ein lokalt forankra møteplass som skal styrkje, stimulere og hjelpe einskildpersonar, lag og organisasjonar til å samarbeide og vidareutvikle frivillig innsats i tiltak som er til glede og nytte for dei som bur i kommunen, samt eit knutepunkt mellom desse og det offentlege. Arrangement i regi av Frivilligsentralen skal vere alkoholfrie.

§ 3: Årsmøtet:

Årsmøtet er det øvste organet i sentralen og skal haldast innan 31. mars kvart år. Eigarane av sentralen har kvar 1 utsending med stemmerett til årsmøtet. Saker som skal opp på årsmøtet må vere styret i hende 4 veker før årsmøtet.

Årsmøtet skal handsame fylgjande saker:

- Velje møteleiar, referent og to personar til å skrive under møteprotokollen.
- Godkjenne innkalling.
- Behandle årsmelding.
- Behandle årsrekneskap.
- Behandle revisjonsmeldinga.
- Vedta budsjett.
- Behandle innkomne saker. Desse må vere innkomne til styret 4 veker før årsmøtet.

Val:

- Styret skal ha 4 styremedlemar med 1 varamedlem. Styremedlemar vert valde for 2 år, varamedlem for 1 år.
- Val av styreleiar og nestleiar for 1 år.
- Organisasjonane rekrutterer styremedlemar innad i eigen organisasjon.
- Val av 2 revisorar for 2 år.

Vedtak krev simpelt fleirtal. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal.

Ekstraordinært årsmøte kan krevjast av ein av eigarorganisasjonane.

§ 4: Styret:

Styret er sett saman av leiar, nestleiar, 2 styremedlemar og 1 varamedlem.

Fyrste varamedlem har møte og talerett i styret. Dagleg leiar er sekretær for styret, og har tale og forslagsrett. Det skal førast møteprotokoll. Styret har ansvar for den daglege drifta av sentralen i samsvar med gjeldande vedtekter.

Styret skal mellom anna syte for:

- Tilsetjing av dagleg leiar og eventuelt andre tilsette.
- Opptak av nye eigarar/medlemmer. Krev samrøystes vedtak i styret.
- Har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar og andre tilsette.
- Føring av rekneskap og revisjon i rett tid.
- Gjennomføring av planar og tiltak.
- Førebuing av årsmøtet med innkalling og rapport om drifta, revidert rekneskap og framlegg til budsjett for komande år.
- Styremøte vert halde så ofte det er naudsynt eller når ein av styremedlemmene krev det.
- Styret er vedtaksføre når minst tre av medlemmene er til stades. Ved usemje skal saka leggjast fram for eit fulltalig styre.
- Styret kallar inn til årsmøtet og eventuelt andre møter.

§ 5: Dagleg leiar:

- Dagleg leiar er ansvarleg for den daglege drifta av Luster Frivilligsentral.
- Dagleg leiar skal følgje dei retningslinjer og planar som styret har fastsett.
- Dagleg leiar er ansvarleg for oppfølging av budsjett og registrering, rapportering av den daglege aktiviteten, og kan setje i gang mindre prosjekt så sant dei er i tråd med vedtekne planar og økonomi.
- Dagleg leiar er ansvarleg for oppfølging av frivillige hjelparar og brukarar.
- Dagleg leiar rapporterer til styret.
- Styret ved styreleiar er den næraste overordna for dagleg leiar.
- Styret fastset løna til dagleg leiar.

§ 6: Økonomi og revisjon:

- Budsjett, rekneskap og arbeidsåret følgjer alle kalenderåret.
- Styret har økonomi – og driftsansvar for Frivilligsentralen, og pliktar å sjå til at det vert ført forsvarleg kontroll med økonomiske disposisjonar.
- Budsjettet vert vedteke av styret og godkjent av årsmøtet.
- Rekneskapet skal reviderast av to rekneskapskyndige personar som blir valde på årsmøtet.
- Rekneskapen skal førast i samsvar med gjeldande rekneskapsreglar og prinsipp for god rekneskapsskikk.

§ 7: Vedtektsendring:

Framlegg om vedtektsendring må vere styret i hende seinast 4 veker før årsmøtet. Styret kan kome med framlegg til endring av vedtektene. Vedtektsendring skal endeleg godkjennast av årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.

§ 8: Oppløysing:

Om det vert aktuelt å løyse opp foreininga, skal dette avgjerast i eit ekstraordinært årsmøte. Avgjerd om oppløysing krev minst 2/3 fleirtal. Eventuell eigenkapital eller eigedom skal vidareførast til liknande prosjekt i Luster kommune.